

Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 18/1476-1

## Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 - Forslag til prosjektplan

### Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

### Vedlegg:

Prosjektplan - møtebøker fra 2017 til desisjon

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala. På bakgrunn av dette har leiar i kontrollutvalet bede Deloitte om å komme med forslag til ein prosjektplan for stikkprøvekontroll (desisjon) av møtebøkene for fylkesutvalet og dei tre hovudutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### 2. Vurderingar og konsekvensar

Sekretariatet har no motteke forslag til prosjektplan for dette arbeidet frå Deloitte.

Av prosjektplanen går det m.a. fram at føremålet med prosjektet vil vera å gjennomføre ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert i ein tidsperiode:

- Innleiingsvis står at det gjeld møtebøker for 2017.
- I pkt. 1.2 står at det gjeld møtebøker for perioden 1.1.2011 - 31.11.2011.

Sekretariatet føreset at det gjeld perioden 1.1.2017 - 31.11.2017, evt. fram til årsskiftet 2017/2018.

Vidare går det fram av prosjektplanen at ein tar sikte på å få gjennomført ein kontroll av:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av et organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

Vidare går det fram av prosjektplanen at Deloitte vil gjennomføre stikkprøver og sjå nærare på 12 vedtak frå fylkesutvalet og dei tre hovudutvala.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

### **3. Konklusjon**

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga. Føremål synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Vidare bør det akseptrast opsjon på ev. presentasjon av rapporten for Sogn og Fjordane fylkeeting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.